

# Miljøsertifisering av offentlige og private verksemder i Gol kommune

## Bruk av Miljøfyrtårn som sertifiseringsordning



**Plan for 2010 – 2012**

**Bakgrunn:**

Formannskapet i Gol vedtok i F-sak 16/08 at kommunen skulle delta i miljøfyrtårnordninga ved å kjøpe rettighet til miljøfyrtårnprogrammet. I same sak vart det også bestemt at ansvaret med miljøfyrtårnprogrammet og oppfølging av dette ligg hos næringsavdelinga v/ avdelingsleiar og miljøvernrådsgjevar. Kommunen skal ha godkjent sertifisør og dette har resultert i kurs og opplæring av miljøvernrådsgjevar. Gol kommune støttar bedrifter og verksemder i eigen kommune ved å dekke kostnad med miljøfyrtårnsertifikat og innramming og ved å sertifisere gratis.

Formannskapet vedtok i sak 44/08 at Gol kommunehus skulle sertifiserast som miljøfyrtårn. Både administrasjon og politikarar er samd i at det gjev eit viktig signal utad at kommunen får miljøfokus og miljørutinar på plass før utfordringa vert sendt ut til næringslivet. Sertifiseringa av Gol kommunehus har tatt noko tid, då det har dukka opp utfordringar på avfallssida som har kravd dispensasjonsbehandling frå Stiftelsen Miljøfyrtårn. Slik det ser ut no vert kommunehuset sertifisert før utgangen av 2009.

**Kvifor Miljøfyrtårn:**

Miljøfyrtårn er ein offisiell, norsk miljøsertifiseringsordning for bedrifter og offentlege verksemder. Miljøfyrtårns bransjekrav er fyrst og fremst utvikla med tanke på små og mellomstore bedrifter (SMB) i det private næringsliv (opp til ca. 100 tilsette) og på offentlege verksemder. Men Miljøfyrtårn er også egna til bruk i større bedrifter med enklare miljøutfordringar. Store verksemder med komplekse miljøutfordringar anbefalast ISO 14001 sertifisering og/eller EMAS registrering. I einskilte bransjar er også Svanen eit alternativ.

Hovudtanken bak miljøfyrtårn er at sertifiseringa skal vere lønnsam, konkret, relevant og enkel.

**Dagens situasjon:**

Næringslivet/ private aktørar:

Pers Resort og Storefjell Resort er sertifisert som miljøfyrtårnbedrifter, medan Hallingdal folkehøgskule og Eidsgaard hotell er undervegs i prosessen.

Kommunale verksemder:

Kommunehuset er venteleg i hamn innan utgangen av 2009

**Overordna plan for 2010 – 2012:**

I forslag til holdningsskapande tiltak i energi – og klimaplan for Hallingdal og Valdres, som kvar kommune skal lage til sin eigen kommunedelplan, er det lagt opp til at kommunen sertifiserer minst 4 kommunale verksemder kvart år. Det vert også lagt opp til at kommunen tek initiativ til at 4 private verksemder i kommunen skal verte miljøfyrtårnsertifisert kvart år, samt alle energi og renovasjonsanlegg.

I Gol kommune er følgjande kommunale verksemder aktuelle:

Skule: Gol skule, Herad skule og Gol ungdomsskule

Barnehage (kommunale): Breidokk barnehage, Hallingmo barnehage, Rotneim barnehage, Vesterhuset barnehage, Fagerlund barnehage, Øygaardane barnehage

og Åsgardane barenhage. I tillegg er det ein privat barnehage (Klaras familiebarnehage)  
Sjukeheim: Helsetunet.

Helse: legekantor/ helsestasjon/ legevakt

Bedrifter og private verksemder: Potensialet er stort her. Gol kommune er eit handelsentrum i Hallingdal med mange etablerte verksemder innan tenesteyting, handel og kontor. Fleire av turistbedriftene har gått foran og er miljøfyrtårn. Desse må følgjast opp fram mot reseritfisering, og bør utfordrast til å fortelje om sine erfaringar til nye miljøfyrtårnbedrifter. Kommunen bør halde jamnlege informasjonsmøter, og yte service til intresserte bedrifter. Til no har kommunen sertifisert bedrifter gratis og sponsa miljøfyrtårnserfifikat, og det bør også vere praksis i framtida. Gol kommune bør også sjå på mogleheiten for å opprette eit miljøfond som yter tilskot til bedrifter som vert sertifisert. Vidare bør Gol kommune gjennom sin deltaking i styret til Gol reisemål vere aktive ut til næringa, og selje inn miljøfyrtårnkonseptet.

Vidare arbeid med eigne verksemder i 2010:

Eit forslag frå Totalmiljø er å arrangere ein dag med kurs for miljøansvarleg/gruppa som skal jobbe med miljøfyrtårn i eigne verksemder/ kommunale avdelingar i kommunen og som får ansvaret for den interne prosessen fram mot sertifisering (med veiledning frå Totalmiljø). Men, skal det haldast kurs for alle bør det heller ikkje gå lang tid før alle kjem i gang med prosessen. I møte med konsulent bør vidare framdrift diskuterast. For nokon av verksemdene kan det dukke opp utfordringar ein ikkje ante på førehand, medan det hos andre går knirkefritt.

Innan 2012 skal alle kommunale verksemder vere sertifisert som miljøfyrtårn. I tillegg skal det også vere fleire bedrifter som er sertifisert. I løpet av perioden bør det vere eit mål å samarbeide med stiftelsen miljøfyrtårn om å arrangere kurs og informasjonsmøter retta mot både kommunale verksemder og næringslivet. Det er viktig å ha nok tilgang på konsulentar og sertifisørar i regionen. Gjennom regionalt samarbeid mellom Hallingdal og Valdres vil det kunne vere aktuelt å sjå på fellesløysningar der det er naturleg.

### Økonomi:

- Konsulenthonorar, utgjer mesteparten av dei totale kostnadene:

Innhenta tilbod frå Totalmiljø:

Totalpris og pris pr virksomhet	Antall timer	Pris
Del 1: Kurs	14	10 080,-
Del 2: Individuelle prosesser	96	69 120,-
<b>Totalpris for miljøanalyse for 12 virksomheter i Gol</b>	<b>110</b>	<b>79 200,-</b>
Pris pr virksomhet	9,17	6 600,-

\*Alle priser er eks mva

- Etableringsgebyr til Stiftelsen Miljøfyrtårn (eingongsgebyr): Avhenger av antall årsverk

Gol ungdomskule (29 årsverk)	kr 2850
Gol skule (37 årsverk)	kr 4100
Herad skule (8,2 årsverk)	kr 1850

Breidokk barnehage (12 årsverk)	kr 2850
Hallingmo barnehage (4,4 årsverk)	kr 1850
Rotneim barnehage (6,6 årsverk)	kr 1850
Vesterhuset barnehage (11 årsverk)	kr 2850
Fagerlund barnehage (4,4 årsverk)	kr 1850
Øygdane barnehage (6,6 årsverk)	kr 1850
Åsgardane barnehage (4,4 årsverk)	kr 1850

Sjueheimen (mellom 50-99 årsverk)	kr 5300
Legekantoret/helsestasjon/legevakt (mellom 10-29 årsverk)	kr 2850

**Totale etableringskostnader** **kr 23 100 (eksl mva)**

- Medlemskontigent til Stiftelsen Miljøfyrtårn (årleg): Avhenger av antall årsverk

Gol ungdomskule	kr 1650
Gol skule	kr 2900
Herad skule	kr 800

Breidokk barnehage	kr 1650
Hallingmo barnehage	kr 800
Rotneim barnehage	kr 800
Vesterhuset barnehage	kr 1650
Fagerlund barnehage	kr 800
Øygdane barnehage	kr 800
Åsgardane barnehage	kr 800

Sjueheimen	kr 3600
Legekantoret/helsestasjon/legevakt	kr 1650

**Totale medlemskontigent fyrste året** **kr 17 900 (eksl mva)**

Medlemskontigenten vert betalt året etter sertifisering har funne stad. Denne årlege utgiften må innarbeidast i budsjettet for kvar verksemd.

- Sertifikatkostnad (eingongsutgift): kr 500 eksl mva + kr 300 eksl mva i ekspedisjonsgebyr

Gol ungdomskule	kr 800 eksl mva
Gol skule	kr 800 eksl mva
Herad skule	kr 800 eksl mva

Breidokk barnehage	kr 800 eksl mva
Hallingmo barnehage	kr 800 eksl mva
Rotneim barnehage	kr 800 eksl mva

Vesterhuset barnehage	kr 800 eksl mva
Fagerlund barnehage	kr 800 eksl mva
Øygdane barnehage	kr 800 eksl mva
Åsgardane barnehage	kr 800 eksl mva
Sjukeheimen	kr 800 eksl mva
Legekantoret/helsestasjon/legevakt	kr 800 eksl mva

I tillegg kjem utgifter til innramming. Ca kr 1000 per sertifikat

**Totale sertifikatkostnader (utan innramming) kr 9600 (eksl mva)**

- Sertifisering/ resertifiseringskostnader: kostnad som vert bestemt av kommunen der sertifisøren kjem frå. Det bør gjerast avtale mellom kommunar at dei gjer dette gratis seg i mellom. Det er i dag kun Hol og Gol/Hemsedal som har sertifisør blant kommunane i Hallingdal.

**Totale utgifter for Gol kommune til sertifisering av 12 verksemder:**

Konsulentutgifter (tilbod oktober 2009)	kr 79 200 (eksl mva)
Sertifiseringsutgifter (etableringsbegyr + sertifikat)	kr 32 700 (eksl mva)
<b>Totalt</b>	<b>kr 111 900 (eksl mva)</b>

#### **Tilskot**

Buskerud fylkeskommune dekker inntil 50 % av konsulentkostnadene og sertifiseringsutgiftene fyrste året for bedrifter og offentlege verksemder.

#### **Andre utgifter**

I prosessen som leiar fram til miljøfyrtårnsertifisering kan det dukke opp andre utgifter. Døme på dette er enøk-vurderinger frå konsulent.

I tillegg vil ei kjeldesortering bety auke i renovasjonskostnader ved at det må leigast fleire avfallsdunkar og desse må tømmast.